



Professorane Bjarne Østerud og Edel O. Elvevoll

**Torsdag 7.mai kl.19.30 ligg det til rette for ei interessann samling om korleis helsebringande olje kan verka inn på ulike helseplager. Då kjem ein kapasitet på dette området, professor Bjarne Østerud, og held foredrag i lokala til Kvinnherad Vekstbedrift om temaet. Det vert også høve til å koma med spørsmål.**

Bjarne Østerud er biokjemikar med doktorgrad på mekanismene i blodlevring. Genetiske disposisjonar for tidleg hjarte-karsjukdom i familien hans gjorde det nødvendig å finne eit kosttilskot som kunne hindra ein for tidleg død. Dette er bakgrunnen for at han har forska mykje på blodlevringssystem, sportsmedisin og korleis marine oljer verkar på hjarte- og karsjukdommar. I dette arbeidet har han også forska på korleis oljene kan verka på andre sjukdommar, t.d. ledd- og muskelplager.

Basert på meir enn 20 års forskning har han saman med professor Edel O. Elvevoll utvikla olja Olivita som er einaste kosttilskotet som kombinerer selolje og olivenolje.

Østerud fekk i 2006 Kongens fotenestemedalje i gull for sitt mangeårige forsknings- og undervisningsarbeid.

Bakgrunnen for at han kjem til Uskedalen og held foredrag, er at han er tidlegare kollega av professor Reidar Myklebust ved universitetet i Tromsø. Medverkande er det også at det er mange kvinnheringar som brukar olja han har patentert. Det er Rabben helse- og aromaterapi som står for arrangementet.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland